

Radar

2015 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

31.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusoppføringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jūratė Norkuvienė
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Kven skal styre kyrkja vår?

Kyrkjevalet 2015

I 2015 er det kyrkjeval. På Radøy skal det veljast nytt sokneråd, og i Bjørgvin skal det veljast nytt Bispedømeråd. Datoen for vala er mandag 14. september.

I Radøy skal kyrkjevalet haldast samtidig med og på dei same røystestadene som kommune- og fylkestingsvalet. Vi vil vera lokalisert like i nærleiken av kommune- og fylkestingsvalet, i same bygg, men ikkje i same rom.

Røystestadene på Radøy er Sæbø skule, Hordabø skule, Austebygd skule og Radøyhallen. Det er høve til å røysta mellom kl. 12:00 og kl. 20:00 på valdagen, den 14. september 2015. Det vert også høve til førehandsrøysting på kyrkjekontoret mellom 10. august og 11. september i ekspedisjonstida. Merk redusert ekspedisjonstid fram til 21. august.

På Velferdssenteret vert det førehandsrøysting tysdag 8. september kl 10 til 11. Frist for førehandsrøysting i anna sokn enn der ein bur er 1. september 2015.

Det er nokre lovendingar i reglane for val av sokneråd:

- Alle medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i løpet av 2015 fyller 15 år har røysterett.
- Det er ikkje høve til å stryke kandidatar på listene.
- Antal tilleggsstemmer er avgrensa til maksimalt tre.

Røystestyret

Det skal vera eit røystestyre i kvar valkrins. Vi treng 4 personar på kvar røystestad som skal sjå til at valet føregår etter lova. Det vert gjeve opplæring på førehand. Løn kr 600 per person. Vi syter også for mat og kaffi til røystestyret. Dersom dette er interessant ta kontakt: 90 19 51 79 eller epost daglegleiar@radoysokn.no

Godkjent kandidatliste, soknerådsval i Radøy 2015

Då fristen for innsending av kandidatlistar gjekk ut 1. mai, var det kun nominasjonskomiteen sitt framlegg som låg føre. Valstyret godkjente denne lista i møte 6. mai 2015.

1. Gunnar Olav Kartveit (64)
2. Per Bjørkaug (64)
3. Grethe Lunde (54)
4. Kirsten Johanna Skage Mellingen (60)
5. Kristen Kvalheim (48)
6. Silje Kristin Ellingsen (36)
7. Roald Hvidsten (53)
8. Sølvi Helen Kvalheim Mjøs (38)
9. Marie Fjellsende (71)
10. Tore Morland (65)
11. Mona Steiner Brekkan (43)
12. Oddbjørn Tveiten (59)
13. Martine Haugland (24)
14. Sigfred Lunde (59)
15. Unni Hansen Marøy (42)
16. Marlen Ramsvik Rikstad (45)
17. Berit Grindheim (75)
18. Bjarnhild Nordanger Myhre (58)

Vi kjem med ein utfyllande presentasjon av kandidatane i neste nummer av Radar, som kjem ut i månadsskiftet august/september. Du kan også følgje med på våre nettsider der vi legg ut informasjon om valet fortløpande. www.kirken.no/radoy



Hordabø kyrkje - Hjelme gamle kyrkje



Hordabø kyrkje er 140 år i år. I første nummer kom vi i skade for å skriva at kyrkja vart opna i 1975. Ein våken lesar har gjort merksam på at Hordabø kyrkje vart vigsla den 5. august 1875, av prost Hveding. Dagen før, den 4. august, hadde han vigsla den nye kyrkja på Hjelme. Då kyrkja var ny var det 450 sitjeplassar; no har me berre lov til 300.

Frå gammalt høyrde Herdla sokn saman med Hordabø og var Bø sokn. Dei vart kalla ytre og indre Bø. Hjeltefjorden kunne vera stygg når det blas opp og det var berre med båt ein kunne koma til og frå Bøkyrkja. *

Presten måtte koma seg over fjorden, og han hadde ein åtring – 4 par årer – som vart nytta. Det var ein sokalla vengebåt med overbygd bakskut. Presten tok plass i vengen og sat tørt, men det kunne nok vera verre for dei som rodde. Bøndene i Bø sokn betalte 12 skilling årleg for presteskyssen, husmennene halvparten. Etter at det vart råd å køyra til Bø fekk presten skyssgodtgjerdslse. Det var i 1908.* Presten får framleis godtgjerdslse, men, no er det Bjørgvin bispedøme som betalar.

Vi har drøfta ei felles markering av 140-års jubileet med Øygarden, men det let seg diverre ikkje gjera. Hjelme gamle kyrkje for tida er stengt for allmenn bruk. Men på Bø vert det feiring! Vi har tenkt å markera jubileumet med ei gudsteneste den 9 august kl. 11. Det vert òg kyrkjekaffi, og dersom vêret tillet det, vert den på kyrkjebakken. Vi prøver òg å fortelja litt historie om kyrkja, og ynskjer at alle som kan og har lyst og vera med, møter opp i kyrkja denne dagen. Velkomne skal de vera!

Helsing frå kyrkjelydsutvalet i Hordabø, med ynskje om ein fin sumar!

* Kjelde: Hordabø kyrkje gjennom tidene – Festskrift til 100-årsdagen.

Foto: Sølvi Helen Kvalheim Mjøs.



BARNAS SIDE

Fargelegg

Jesus er ljuset for verda.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen


Finn 5 feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + DVD eller bok = berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- per barn

Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

Søndagsskule

for deg som er mellom 3 - 8 år

På Manger har me søndagsskule under gudstenesta for born mellom 3 og 8 år. Den kjem etter dåpshandlinga, slik at alle kan få med seg den. På søndagsskule får dei høyre forteljingar frå Bibelen, om vandringar i ørkenen, om menneske som opplevde ting med Gud. Dei vil også ha høve til formingsaktivitetar etter forteljinga.

Foreldre, besteforeldre eller sysken er hjarteleg velkomne til å vera med!

Kjem du også?



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Radøy sokn

Program sommар/haust 2015



31. mai	Skapelse
14. juni	Syndefallet
28. juni	Storflaumen og arken
19. juli	Abraham og den store familien
30. august	Utgangen av Egypt
13. september	Dei ti best levereglene
27. september	Arken og teltet
18. oktober	Bortført og heimvend
8. november	Den gode hyrde i nattverdfelleskapet*
15. november	Den gode hyrde i nattverdfelleskapet*
6. desember	Advent

*Forteljingane som preiken i gudsteneste ved 4-årsbok utdeling.

Helsing frå Estland

I Estland har bare de som er døpt og konfirmert, har betalt kirkeskatt og gått til nattverd minst én gang i løpet av fjoråret stemmerett og er såkalte årsmøtemedlemmer. Det forteller Magne Mølster, NMS-misjonær i menigheten i Saku. Han presenterer tall fra fjoråret på årsmøtet nylig:

2014 i Saku



Ved årsskiftet hadde menigheten 35 medlemmer (per i dag 38), en vekst på 14 fra året før. 20 av de 35 var årsmøtemedlemmer. 6 voksne og 1 barn ble døpt, 11 ble konfirmert og 1 par ble viet. I gjennomsnitt deltok 22 på gudstjeneste (i 2013 21). I menigheten var det 130 undervisningstimer for ungdom, 66 for barn (inkludert leirer). 29 var med som frivillige.

Vekst i Mustamäe

I Mustamäe, som er Sakus storesøster innenfor menighetsplantning, var det ved årsskiftet 74 medlemmer (50 i 2013!). 35 av disse var årsmøtemedlemmer, av de resterende er det mange barn. 12 ble døpt og 5 konfirmert i 2014. Gjennomsnittlig gudstjenestedeltakelse var 32 (oppgang fra 24). Til sammen var det 99 undervisningstimer for barn og 27 for ungdom. 31 var med som frivillige.

Viktig bidrag

Både Saku og Mustamäe kommer høyt opp på statistikkene innen barne- og ungdomsarbeid og har mange frivillige i forhold til medlemsmassen.

-Det må jo være gledelig – ikke minst i et land der en lærer nylig hevdet at estiske barn er de ulykkeligste i verden. De har altfor mye fokus på lekser, karakterer og karriere. De immaterielle verdiene står svakt i samfunnet. Det er paradoksalt nok Estlands kanskje største fattigdom, sier Magne Mølster

NMS Bjørgvin arrangerer tur til Estland

Estland er den nordlegaste av dei tre baltiske statane. Etter kommunismens fall har landet saman med Latvia og Litauen opp gjennom 1990-åra tiltrekt seg mange turistar som ynskjer å besøke eit litt annleis, men likevel nordisk land. Landet bærer ennå, på godt og vondt, preg av mange år under Sovjetunionens påverknad, men er eit interessant reisemål både historisk og kulturelt.

Den gamle Hansabyen Tallinn er vakker og spanande. Her har det kome og gått overherredømmar dei siste tusen åra. Byen har vore under svensk, dansk, tysk og finsk herredømme, og var innlemma i Sovjetunionen frå 1945 til 1991.

I alle år under sovjetisk styre vart kyrkjelivet i Estland utarma. Nærmare 50 år under kommunistregime satte sine spor, og kyrkja missa sin naturlege plass i samfunnet. No skjer det ei positiv utvikling, og den lutherske kyrkja i Estland ynskjer no å nå ut til nye menneske. Tiina Klement har sidan 2008 leia det NMS-støtta kyrkjelydsplantingsprosjektet i Mustamäe bydel. Ho har budd og studert i Norge i fleire år og snakkar flytande norsk. Det var viktig for kyrkjelyden at Tiina vart ordinert til prest i 2011. De fekk då offisiell status som kyrkjelyd og eigen prest som kunne leia kyrkjelege handlingar.

Prisestimat pr person: 8.870,-
Inkludert: Reisen Bergen - Tallinn t/r, 3 overnattinger i dobbeltrom på 4* hotell i sentrum. Transfer flyplass - hotell t/r. Buss til Saku. Reiseleder. Tillegg for enkeltrom: 1.260,-
Ikkje inkludert: Reiseforsikring, mat under flyreisen, drikke, måltider ikkje nemnd i programmet, inngangspengar til attraksjoner og tips.

For meir informasjon, ta kontakt med reiseleder Grethe Lunde.



TIL TALLINN MED NMS BJØRGVIN 11. - 14. SEPTEMBER 2015

På denne turen skal vi lære Tallinn å kjenne fra en litt annen side enn mange turister får gjøre. Vi skal besøke Mustamäe menighet som er et resultat av NMS sitt menighetsplantingsprosjekt. Her skal vi treffe den estiske presten Tiina Klement og bli bedre kjent med arbeidet som drives i hennes menighet. Menigheten ligger i en forstad med 65 000 innbyggere utenfor sentrum at Tallinn.

Vi skal selvsagt bli bedre kjent med Tallinn med sine imponerende samling av godt bevarte bygninger og attraksjoner. Det historiske sentrum er inkludert i UNESCOs liste over verdens kulturarv.



Kyrkjebasar på Bø

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø inviterte til planleggingsmøte for basar til hausten. Møtet vart halde i kyrkja 18. mars kl. 18. Det var ikkje så mange som møtte, men det vart bestemt at basaren vert søndag 27. september kl. 16.00. Me hadde veldig god oppslutnad om basaren me hadde i haust, så me håpar det vert like bra denne gongen òg.

Me kjem til å spørja dei som var med sist om dei vert med denne gongen òg. Ludvig har fått ansvar for loddsalget og klargjering av loddbøkene. Me håpar at dei som har gevinstar melder dette til han innan 1. august.

Sølvi har ansvar for åresalet. Me reknar med å ha 2 omganger med årar med 40 gevinstar kvar gong. Me er veldig glad for gevinstar, og dei som har melder dette til Sølvi innan 23. september. Gevinstar kan leverast frå 1. september.

Irene har ansvar for maten. Dei som vil bidra med med mat tek kontakt med ho. Me håpar på godt resultat denne gongen òg.

Ludvig Grindheim

Kyrkjeoffer i utanlands valuta



Det er som regel offer i tilknytning til gudstenestene, og folk på Radøy er flinke til å gje. Dei fleste midlane sender vi direkte vidare til dei som er sett opp som mottakar av offeret.

Vi får av og til ein del utenlands valuta i offerposane og det er heilt sikkert velmeint frå gjevarane si side. Grunna vekslingsgebyret må beløpet vera ganske stort for at det skal vera lønsamt å veksle det inn i norske kroner. Vi må derfor be om at det ikkje vert gjeve offer i anna enn norske kroner då det diverre ikkje kjem fram til mottakarane.

Audun Sylta

Olsvoll bedehus takkar

Den 14. septembter 2014 feira me 100 års jubileum for Olsvoll bedehus. Salen var full av bygdefolk, ordførar og innbedne gjester. Det var festtale av Asle Hetlebakke, mange bar fram helsingar, og fellessangen lydde sterkt.



I jubileumsgåver til bedehuset, gitt av enkeltpersonar, indremisjonsforsamlingar og kommune, kom der inn tilsaman kr 24.800! I gåve frå kyrkjelyden på Radøy fekk me ein fin bibel innbunde i kalveskinn.

Solveig Tolleshaug Dale, som i mange år var formann for Olsvoll bedehus, gjekk bort i mars 2015. Ho gjorde ein stor innsats som formann,

og ho og ektemannen Dreng støtta også bedehuset med midlar etter at dei flytta til Åsane. I samband med gravferda vert det gitt gåver til Olsvoll bedehus på tilsaman kr 11.347.

Alle i Olsvoll bedehus er svært takksame for alle desse gåvene.

Stenging av Manger kyrkje

Førebuingane med stabilisering av kyrkja går sin gang og vi har no to tilbydarar som ynskjer å utføra arbeidet. Etter planen skal arbeidet tildelast 3.juli og kontrakt inngås i veke 32.

I følge framdriftsplanen vert det bygggestart 31.august og ferdigstillelse 2.november 2015. I denne tida vert kyrkja i utgangspunktet stengt for all aktivitet og tenestene må flyttast til dei andre kyrkjene. Vi kjem attende med meir informasjon når ting vert meir avklart. Informasjon vert lagt ut på våre nettsider: kirken.no/radoy.

Ny heim for benkane i Hordabø?

For å få plass til stolar i kyrkja vert det tatt ut 6 benkar. I godkjenninga frå Biskopen i Bjørgvin er det ein føresetnad at benkane vert tatt vare på. Vi har diverre ikkje lagerplass og etterlyser personar som kan ta godt vare på dei. Benkane må lagrast innandørs. Dei kan nyttast av dei som tek vare på dei, men ikkje malast, delast opp eller endrast på anna måte. Ineressert? Ta kontakt med kyrkjekontoret.

Familiennytt



Døpte

Dåpsdato

- 15.03.2015 Carly Simone Løvesth
- 15.03.2015 Erika Angelskår Erstad
- 15.03.2015 Vegard Mongstad
- 22.03.2015 Viljar Elias Storheim
- 22.03.2015 Rine Nordland-Einmo
- 22.03.2015 Emilie Skistad Opheim
- 29.03.2015 Henriette Fredriksen
- 29.03.2015 Julie Storheim Marøy
- 05.04.2015 Edward Alexander Overå Hamre
- 12.04.2015 Andreas Haugland Vakt skjold
- 12.04.2015 Tallak Nå Quam
- 12.04.2015 William Nylund Båtnes
- 19.04.2015 Ragnhild Vetås Gjelsvik
- 31.05.2015 Maja Sandnes
- 07.06.2015 Savannah Unneland

Vigde

- 23.05.2015 Maria Frigstad Soltveit & Øystein Hetlebakke
- 23.05.2015 Cecilie Kårdal & Morten Eikeland
- 30.05.2015 May Britt Aakvaag Tjore & Kenneth Hermansen

Døde



Seremonidato

- 17.03.2015 Borghild Marie Taule
- 17.03.2015 Alf Svenheim
- 24.03.2015 Raymond Aakvaag Tjore
- 31.03.2015 Agnes Haugland
- 10.04.2015 Mally Gladys Kjeseth
- 17.04.2015 Harald Bertin Vetås
- 05.05.2015 Emma Risnes
- 19.05.2015 John Rath
- 22.05.2015 Herborg Sylta
- 05.06.2015 Johannes Vågenes


KAFFEKROKEN



Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
15.03 4.sundag i fastetida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2720
22.03 Maria bodskapsdag	Menneskeverd	2812
29.03 Palmesundag	Kristent interkulturelt arbeid (KIA)	3149
02.04 Skjærtorsdag	Trusopplæring i Radøy	2288
05.04 Påskedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	4009
12.04 2.sundag i påsketida	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet	2272
19.04 3.sundag i påsketida	Misjonshøgskolen i Stavagner	1986
26.04 4.sundag i påsketida	Kirkens SOS i Bjørgvin	3056
02.05	Trusopplæring i Radøy (2 gudstenester)	6664
03.05 5.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	1531
09.05	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy (2 gudst.)	6991
10.05 6.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy (2 gudstenester)	7588
14.05 Helgetorsdag	Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter	1527
17.05 Grunnlovsdagen	Kirkens Nødhjelp (4 gudstenester)	12 459
24.05 Pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	1806
25.05 2.pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	1657
31.05 Treeiningssundag	IKO - Kirkelig pedagogisk senter	2576
07.06 2.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	1068
14.06 3.sundag i treeiningstida	Kirkens Bymisjon	7638

	Hittil i 2015	Denne perioden
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	10574,00	6991,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	24167,00	19139,00
Offer til andre organisasjonar:	61159,00	47667,00



Vil du bli bedre å snakke med for mennesker som har det vanskelig?

God å snakke med



Kirkens SOS. Vi er her. Alltid.

Velkommen til «God å snakke med», en gratis kurskveld der du lærer å skape gode samtaler med mennesker som har det vanskelig, privat eller på jobben.

**Sted: Bergen døvekirke
Kalfarveien 77**

**Tid: Mandag 31. august
kl. 19.00–21.00**

For mer informasjon og påmelding, ring eller sms til 941 83 654, send epost til bjorgvin@kirkens-sos.no eller se www.kirkens-sos.no

Korleis har du det egentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn - www.kirken.no/radoy
Du finn oss også på Facebook og Twitter

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Tannlege
Sondre Villanger Håland
Grønålvgen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so www.tannlege.so

T
TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERØR

KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

Vatne
Begravelsesbyrå
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

MTI
IT SERVICE

ØKO NOR
ACCOUNTOR GROUP
Tlf 56 35 55 80

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

RISNES
ELEKTRO AS
Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255

Tannlege
Sondre Villanger Håland
Grønålvgen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so www.tannlege.so

T
TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERØR

KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre:
[kirken.no/
radoy](http://kirken.no/radoy)

søndag 28. juni	1100	Manger. Gudsteneste. Offer: Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy.
søndag 5. juli	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Offer: Vestnorsk utvandringssenter.
søndag 12. juli	1100	Hordabø. Gudsteneste.
søndag 19. juli	1100	Manger. Gudsteneste.
søndag 2. august	1100	Manger. Gudsteneste.
søndag 9. august	1100	Hordabø. Jubileumsgudsteneste.
søndag 16. august	1100	Manger. Gudsteneste.
søndag 23. august	1100	Sæbø. Gudsteneste.
søndag 30. august	1100	Hordabø (Manger om ikkje kyrkja er stengd). Gudsteneste.
søndag 6. september	1100	Hordabø. Gudsteneste.
søndag 13. september	1100	Sæbø (Manger om ikkje kyrkja er stengd). Gudsteneste.
søndag 20. september	1100	Sæbø. Gudsteneste.
søndag 27. september	1100	Hordabø (Manger om ikkje kyrkja er stengd). Gudsteneste.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.

Elektronisk bestilling av dåp



Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nett-
staden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret
er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester.
Besøk oss på www.kirken.no/radoy og klikk på “Dåp”!

Sommaråpent

Frå måndag 22.juni til fredag 21.august har kontoret åpent:

Måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00 - 14:00.

For viktige meldingar kan ein ringe 901 95 179.

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Silje Kristin Ellingsen, Audun Sylta.

Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Bilete: © Kirkerådet, Sølvi Helen K. Mjøs, Jakob Montrasio (Flickr, CC BY 2.0), Nordhordland Indremisjon.



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

